

Velkommen til Revmaskolen!




Ålesund sjukehus
6026 Ålesund
Tlf: 70 10 54 00
www.helse-sunnmore.no
fellespostkasse.revmatologisk@helse-sunnmore.no

Lærings-og meistringssenteret, pkt.3

Der er gjesteparkering rett utanfor kurslokalet. Dersom her skulle vere fullt, må du stå på sjukehusets ordinære gjesteparkering. Der må du betale, men du kan få refusjon etter nav sine satsar.

- 1: Hovudinngang
- 2: Polikl. inngang
- 3: Lærings- og meistringssenteret, Åsebøen 11



Revmaskolen. Kurs om:

Leddgikt Bekhterev Sjøgren

Revmatologisk avdeling



Praktisk informasjon om Revmaskolen

Praktiske opplysningar

Revmaskolen er aktuell for deg som har betennelsesaktig revmatisk sjukdom. (leddgikt, psoriasisleddgikt, Bekhterev, Sjøgren)

Kurset er spesielt tilrettelagt for deg som har nokså nyoppdaga sjukdom, (i løpet av dei siste par åra).

Pårørande kan og vere med.

Revmaskolen vert arrangert kvart halvår. Leddgiktskurset og Sjøgrenkurset går over to dagar, kl.10-15.30 begge dagane.

Bekhterevkurset varer ein dag, fra kl 10 til kl.17.

Kvar?
Lærings-og meistringssenteret (LMS)
Åsebøen 11, 8.etg. (sjå kart på baksida)

Kva kostar det?
Du må betale eigenandel som ved ein vanleg konsultasjon på poliklinikken. (Ein eigenandel gjeld for begge dagane)

Du får dekt reiseutgifter etter helseforetaka sine satsar.
Om du har lang reiseveg, og treng overnatting, kan du kontakte revmatologisk avdeling.

Parkering:Sjå baksida av brosjyra.

Lunsj vil koste kr 100,- til saman for begge dagane.

Innhald

Føremålet med undervisninga er at deltakarane skal få kunnskap om sjukdommen og ulike typar behandling, og at dei skal vite kva dei sjølv kan gjere for å leve best mogleg med sjukdommen i kvardagen. Dei skal også kjenne seg trygg på når dei bør kontakte helsepersonell som fylgje av sjukdommen eller behandlinga.

Fleire yrkesgrupper og ein brukar bidrar.

Tema som blir tatt opp:
sjukdomslære
medikament
kosthald
daglege aktivitetar
fysisk aktivitet
trygde- og sosiale rettar

Undervisningsforma varierer mellom forelesingar, aktivitet individuelt og i grupper, og utveksling av erfaringar.

Dersom du har spørsmål om Revmaskolen, kan du kontakte

sjukepleiar Kristin Grepstad Mørkeseth
Telefon: 70 10 54 00

Tilvising / Korleis melde seg på?

Dersom du vil delta på Revmaskolen, må du bli tilvist av ein lege. Som oftast er det legar ved revmatologisk avdeling som tilviser, men fastlegar kan også tilvise.

Når du er tilvist, vil du motta eit brev med ei stadfesting av tilvisinga, og du blir sett på ei ventelise.

Når det blir ledig plass på det aktuelle kurset, blir du innkalla. Du får innkallinga i god tid før kurset. I innkallinga får du også praktiske opplysningar som du treng.